

# **PROTOKOLL**

Vestland idrettskrets konstituerande ting  
Myrkdalen 9. november 2019

## DELEGATAR

1	Hordaland idrettskrets	Helge Johnsen
2	Hordaland idrettskrets	Gunn H. Knudsen
3	Hordaland idrettskrets	Robert André Teikari
4	Hordaland idrettskrets	Ole Hope
5	Hordaland idrettskrets	Aina Merete Steinsland
6	Hordaland idrettskrets	Jarl Svanberg
7	Hordaland idrettskrets	Janne Landås
8	Austrheim idrettsråd	Asbjørn Brandtun
9	Austrheim idrettsråd	Kjersti Sætre
10	Eidfjord idrettsråd	Trude Varberg
11	Eidfjord idrettsråd	Bjarte André Eriksen
12	Etne idrettsråd	Geir Arne Havreberg
13	Fitjar idrettsråd	Sigbjørn Aarland
14	Fjell idrettsråd	Eli Berland
16	Fusa idrettsråd	Liv Nyheim Kilen
18	Idrettsrådet i Askøy	Thorvald Haarberg
19	Idrettsrådet i Bergen	Terje Valen
20	Idrettsrådet i Bergen	Arild Hovland
21	Idrettsrådet i Bergen	Janne Gro Rasmussen
22	Idrettsrådet i Bergen	Anne K. Botnevik
23	Idrettsrådet i Bergen	Geir Iden
24	Idrettsrådet i Bergen	Atle H. Ringheim
25	Idrettsrådet i Bergen	Siren Preto
26	Idrettsrådet i Bergen	Olav Skjervheim
27	Kvam idrettsråd	Roger Vassnes
28	Lindås idrettsråd	Grethe Thorsheim
29	Lindås idrettsråd	Marius Sjursether
30	Masfjorden idrettsråd	John Torsvik
31	Meland idrettsråd	Sølvi Thomassen Jarness
32	Meland idrettsråd	Bjørn Tore Hesjedal
33	Odda idrettsråd	Arnfinn Førstund
34	Os idrettsråd	Jarle Heltne
35	Os idrettsråd	Kari Marie Lyssand
36	Radøy idrettsråd	Tanja Thomassen
37	Radøy idrettsråd	Bjørn-Ove Myking
39	Sveio idrettsråd	Belinda Teikari
40	Sveio idrettsråd	Rune Teikari
41	Ullensvang idrettsråd	Isak Reisæter
42	Ullensvang idrettsråd	Sonja Velure
43	Ulvik idrettsråd	Hulda Run S. Thorbjørnsen
44	Ulvik idrettsråd	Sjur Rondestveit
46	Voss idrottsråd	Anne Karin Dugstad
47	Voss idrottsråd	Tore Tvilde
48	Voss idrottsråd	Einar Melve
49	Øygarden idrettsråd	Jane Torsvik Jacobsen
51	Hordaland Friidrettskrets	Peer Jarnung
53	Hordaland Friidrettskrets	Nina Hjellestad
54	Hordaland Friidrettskrets	Silje Pettersen
55	Hordaland Gymnastikk og Turnkrets	Benedicte K. Næss
56	Hordaland Gymnastikk og Turnkrets	Henrik Lundekvam
57	Hordaland Gymnastikk og Turnkrets	Sandra Holgersen
58	Hordaland Rokrets	Rolf Hustad
59	Hordaland Seilkrets	Harald Thomsen
60	Hordaland Skikrets	Johan Børsheim
62	Hordaland Skikrets	Camilla Søreide

64	Norges Fotballforbund Hordaland	Tore-Christian A. Gjelsvik
65	Norges Fotballforbund Hordaland	Mats Christian Mandt
66	Norges Fotballforbund Hordaland	Anne Hjortland
67	Norges Fotballforbund Hordaland	Tone Stavland
68	Norges Fotballforbund Hordaland	Rolf Haukaas
69	Norges Fotballforbund Hordaland	Gina Blomberg
70	Norges Håndballforbund Region Vest	Ane Grete Vik
71	Norges Håndballforbund Region Vest	Knut Waage
72	Norges Håndballforbund Region Vest	Siv Øye Carlsen
73	Norges Håndballforbund Region Vest	Trond Arnevik
74	Norges Dykkeforbund	Gry Hege Henriksen
75	Norges Ishockeyforbund Region SørVest	Svein-Ivar Lillehaug
101	Sogn og Fjordane idrettskrins	Nils R. Sandal
102	Sogn og Fjordane idrettskrins	Arve Heimdal
103	Sogn og Fjordane idrettskrins	Lilly Schøyen
104	Sogn og Fjordane idrettskrins	Ruth Sølvi Helland
105	Sogn og Fjordane idrettskrins	Ingrid Heien
106	Nord-Vestlandet Vektløftarregion	Ola Bergheim
107	Norges Fotballforbund Sogn og Fjordane	Robert Endestad
108	Norges Fotballforbund Sogn og Fjordane	Jon Georg Rutledal
109	Norges Fotballforbund Sogn og Fjordane	Evy Mariann Rossetvik
110	Norges Fotballforbund Sogn og Fjordane	Inge Seglem
111	Norges Fotballforbund Sogn og Fjordane	Marie-Helene Brandsdal
112	Norges Håndballforbund Region Vest	Øyvind Indrebø
113	Norges Håndballforbund Region Vest	Arvid Gimmestad
114	Norges Håndballforbund Region Vest	Jorunn Farsund
115	Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Håkon Løseth
116	Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Merete Helgheim
117	Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Dagfinn Nyhammer
118	Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Silje Moldestad
119	Sogn og Fjordane Friidrettskrins	Linn Kathrin Bakke
120	Sogn og Fjordane Gymnastikk og Turnkrets	
121	Sogn og Fjordane Orienteringskrins	Jan Magne Herstad
122	Sogn og Fjordane Skikrins	Finn Årdal
123	Sogn og Fjordane Skikrins	Tonje N. Tangerud
124	Sogn og Fjordane Skikrins	Stein Erik Øvrebø
125	Sogn og Fjordane Skikrins	Nina Munthe Olsen
126	Sogn og Fjordane Skiskyttarkrins	Klemet Bø
127	Sogn og Fjordane Skiskyttarkrins	Monica V. Halsteinslid
128	Sogn og Fjordane Symjekrins	Ingeborg Hjelle
129	Sogn og Fjordane Symjekrins	Jostein Lidal
130	Flora idrettsråd	Tore Hamn
131	Flora idrettsråd	Lars-Terje Standal
132	Flora idrettsråd	Trine Havn
133	Førde idrettsråd	Einar Paulsen
134	Førde idrettsråd	Anne Linn Stølen
135	Førde idrettsråd	Magne Faleide
136	Førde idrettsråd	Linn Grepstad Nes
137	Førde idrettsråd	Oddvar Huseklepp
138	Gloppen idrettsråd	Reidar Moldestad

139	Gloppen idrettsråd	Beate Dybendal Nordvik
140	Gloppen idrettsråd	Else Margrethe Larsen
141	Luster idrettsråd	Anne Merethe Kvalsøren
142	Luster idrettsråd	Svein Tore Heltne
143	Sogndal idrettsråd	Geir Lyngaas
144	Sogndal idrettsråd	Heidi-Kathrin Osland
145	Sogndal idrettsråd	Cecilie Thaule Løvlid
146	Sogndal idrettsråd	Jan Erik Weinbach
147	Sogndal idrettsråd	
148	Stryn idrettsråd	Eldbjørg Hatledal
149	Stryn idrettsråd	Gunnar Harstad
150	Stryn idrettsråd	Oddny Grete Njøten
151	Vik idrettsråd	Erling Stadheim
152	Vik idrettsråd	Ingunn Bjørk Refsdal
153	Årdal idrettsråd	Alfred Holsæter
154	Årdal idrettsråd	Ruth Laberg
155	Balestrand Idrettslag	Aud Kari Isane
156	Fjellhug/Vereide IL	Ingrid Gimmestad
157	Florø Sportsklubb	Vivien Eriksen
158	Førde Idrettslag	Lars-Idar Vegsund
159	Haugen Idrettslag	Arild Opsal
160	IL Jotun	Arnt Stølen Moen
161	Markane Idrettslag	Per Øen
162	Sogn Motorsportklubb	Stine Djønne Nornes
163	Sogndal Idrettslag	Tommy Harjo
164	Stryn Turn og Idrettslag	Are Njøten
165	Tambarskjelvar IL	Siss-May Edvardsen
166	Vik Idrettslag	Nils Geir Myrkaskog

### **OBSERVATØRAR**

76	Etne idrettsråd	Sigve Sørheim
77	Hordaland idrettskrets	Knut Songve
78	Hordaland idrettskrets	Anne-Kristine Aas
79	Hordaland idrettskrets	Grethe Hillestad
80	Hordaland idrettskrets	Heidi Hatlen
81	Hordaland idrettskrets	Ole Nilsen
82	Hordaland idrettskrets	Thea Lunde Christiansen
83	Hordaland Seilkrets	Espen Børresen
84	Innstilt til verv i Vestland IK	Trond Olav Magnussen
167	Innstilt til verv i Vestland IK	Anne-Grethe Naustdal
168	Norges Fotballforbund Sogn og Fjordane	Svein Olav Myklebust
169	Sogn og Fjordane idrettskrins	Bodil Ryste
170	Sogn og Fjordane idrettskrins	Erling Benjaminsen
171	Sogn og Fjordane idrettskrins	Narve Heggheim

### **DIRIGENTAR**

85		Marit Pedersen
173		Geir Grime

# KONSTITUERANDE IDRETTSKRETSTING

Nils R. Sandal, leiar i interimstyret Vestland idrettskrets ønske velkommen.

## Helsingstalar

- Sigbjørn Hauge, varaordfører Voss kommune
- Jon Askeland, fylkesordfører nye Vestland fylkeskommune
- Vibeke Sørensen, 1. visepresident Norges idrettsforbund

## 1. GODKJENNING AV DEI FRAMMØTTE REPRESENTANTANE

Interimstyret har kontrollert lista over representantar.

### **Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Idrettskretstinget godkjenner dei frammøtte representantane.

Det var 131 representantar med stemmerett då tinget blei satt.

**Dei frammøtte representantane blei einstemmig godkjente**

## 2. GODKJENNING AV INNKALLINGA

Lovnorm for idrettskretsar seier at ekstraordinært idrettskretsting skal innkallast med 1 mnd varsel. Interimstyret har lagt til grunn at ein overheld dei same fristane som for ordinære idrettskretsting, og innkalling blei sendt ut elektronisk og offentleggjort på nettsidene til dei to idrettskretsane 9. august 2019.

### **Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Innkallinga blir godkjent.

**Innkallinga blei einstemmig godkjent**

## 3. GODKJENNING AV SAKLISTA

- |        |  |
|--------|--|
| Sak 1: | Godkjenning av dei frammøtte representantane |
| Sak 2: | Godkjenning av innkallinga                   |
| Sak 3: | Godkjenning av saklista                      |
| Sak 4: | Godkjenning av forretningsorden              |
| Sak 5: | Val av dirigentar                            |
| Sak 6: | Val av sekretærar                            |

- Sak 7: Val av to representantar til å skrive under protokollen  
Sak 8: Val av teljekorps  
Sak 9: Behandle vedtak om etablering av Vestland idrettskrets og Idrettens Studieforbund Vestland  
Sak 10: Behandle forslag om lov for Vestland idrettskrets  
Sak 11: Behandle forslag om rammebudsjett for 2020  
Sak 12: Behandle forslag om at styret i Vestland idrettskrets på første ordinære ting legg fram rekneskap og årsmelding for 2019 for Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland idrettskrets  
Sak 13: Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere kretsen sin rekneskap  
Sak 14: Val

**Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Idrettskretstinget godkjenner framlagt sakliste.

**Saklista blei einstemmig godkjent**

## **4. GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN**

**Interimstyret sitt forslag:**

- 4.1 Tinget blir leia av den valde dirigenten /dei valde dirigentane. Protokollen blir ført av dei valde sekretæranne, som sjølv fordeler arbeidet seg i mellom.
- 4.2 Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Representant for forslagsstillar med forslag på saklista, blir gitt nødvendig taletid for å presentere forslaget. For andre innlegg blir taletida sett til 3 minutt første gong og 1 minutt andre og tredje gong. Representantar som forlanger ordet til forretningsorden har 1 minutt taletid. Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og setje strek for dei innteikna talarane. Dirigenten kan også gjere framlegg om taletid til personar utan talerett.
- 4.3 Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje setjast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Framlegg kan berre gjerast i saker som står på saklista.
- 4.4 Alle vedtak og val blir avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesettlar tel ikkje og blir rekna som ikkje avleverte.
- 4.5 I protokollen blir det ført inn kven som har hatt ordet i sakene, kva forslag som er fremma, kven som er forslagsstillar, kva vedtak som er fatta i den enkelte saka og resultatet av avstemminga med talet på stemmer for og imot.

**Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Idrettskretstinget godkjenner forslag til forretningsorden.

**Forretningsorden blei einstemmig godkjent**

## **5. VAL AV DIRIGENTAR**

**Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Idrettskretstinget foreslår Marit Pedersen og Geir Grime som dirigentar.

**Marit Pedersen og Geir Grime blei einstemmig valde til dirigentar**

## **6. VAL AV SEKRETÆRAR**

**Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Idrettskretstinget foreslår Heidi Hatlen og Narve Heggheim frå administrasjonen som sekretærar.

**Heidi Hatlen og Narve Heggheim blei einstemmig valde til sekretærar**

## **7. VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLLEN**

**Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Idrettskretstinget foreslår Trine Havn og Harald Thomsen til å underskrive protokollen.

**Trine Havn og Harald Thomsen blei einstemmig valde**

## **8. VAL AV TELJEKORPS**

**Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Idrettskretstinget foreslår Anne-Kristine Aas, Erling Benjaminsen, Bodil Ryste og Thea Lunde Christiansen frå administrasjonen som teljekorps.

**Teljekorpset blei einstemmig godkjent**

## **9. BEHANDLE VEDTAK OM ETABLERING AV VESTLAND IDRETTSKRETS OG IDRETTENS STUDIEFORBUND VESTLAND**

**Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Sogn og Fjordane idrettskrins blir slått saman med Hordaland idrettskrets med verknad frå 01.01.2020, slik at verksemda i Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland idrettskrets skal halde fram i Vestland idrettskrets (med framhald av Hordaland idrettskrets sitt org.nr. 944 773 738).

Idrettens Studieforbund Hordaland endrar namn til Idrettens Studieforbund Vestland (org.nr. 979 749 198) med verknad frå 01.01.2020.

Nils R.Sandal og Helge Johnsen innleia om etablering av Vestland idrettskrets.

Knut Songve informerte om Idrettens Studieforbund.

### **Etablering av Vestland idrettskrets blei einstemmig vedtatt**

### **Namneendring til Idrettens Studieforbund Vestland blei einstemmig vedtatt**

## **10. BEHANDLE FORSLAG OM LOV FOR VESTLAND IDRETTSKRETS**

Idrettskretsen skal ha ei lov som er i samsvar med NIF sitt regelverk og lovnorm for idrettskretsar. Lovnorma er ufråvikeleg og inneheld eit minimum av det idrettskretsen må ha i si lov.

I forslag til lov for Vestland idrettskrets er det tatt utgangspunkt i lovnorm for idrettskretsar.

Følgande stader i lovnorma er det gjort justeringar:

- Stiftingsdato: Interimstyret foreslår at stiftingsdato for den eldste idrettskretsen blir nytta. Hordaland idrettskrets: 23. april 1919
- Namn: Interimstyret foreslår Vestland idrettskrets
- § 13: Representasjon på idrettskretstinget
- § 15 (9) Val
- § 19, nytt punkt (2): Samansetting av styret
- § 19 (2) i lovnorma blir flytta til nytt punkt § 19 (3)
- § 19 (3) i lovnorma blir flytta til nytt punkt § 19 (4)

### **Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Vedlagt lov blir vedteken som lov for Vestland idrettskrets.

## **LOV FOR VESTLAND IDRETTSKRETS**

Basert på lovnorm vedtatt av Idrettsstyret 22.10.2015, revidert av Idrettsstyret 28.09.2017

Skipa 23.04.1919

### **I. INNLEIANDE REGLAR**

#### **§ 1 Formål**

- (1) Idrettskretsen skal arbeide for at alle menneske får høve til å utøve idrett ut frå sine ønskje og



behov, og utan å bli utsett for usakleg eller uforholdsmessig ulik behandling. Idrettskretsen skal vere ein positiv verdiskapar for individ og samfunn.

- (2) Arbeidet skal pregast av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

## **§ 2 Organisasjon**

- (1) Idrettskretsen er eit felles organ for idretten innan sitt geografiske område.
- (2) Idrettskretsen er sett saman av alle idrettslag, idrettsråd og særkretsar/regionar tilslutta Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) innan idrettskretsen sine grenser.
- (3) Idrettskretsen skal følgje NIF sitt regelverk og vedtak. NIF sitt regelverk gjeld for idrettskretsen uavhengig av kva som måtte stå i idrettskretsen si eiga lov.

## **§ 3 Oppgåver**

- (1) Idrettskretsen skal arbeide med:
  - a) Lovpålagte oppgåver og saker av felles interesse for idretten.
  - b) Idrettspolitiske innsatsområde, spesielt overfor fylkeskommunen, regionale organ/etatar og kommunane, for å styrke idretten si rolle og betre idrettslaga sine rammevilkår.
  - c) Service- og støtteoppgåver overfor idrettsråd, særkretsar/regionar og idrettslag for å styrke aktivitets-, kompetanse- og anleggsutviklinga.
  - d) Informasjon og opplysing om idretten sine verdiar og verdiskaping.
- (2) Idrettskretsen skal arbeide for å utvikle gode rammevilkår for eit mangfaldig idrettstilbod uavhengig av særvidretten si organisering.
- (3) Idrettskretsen har ansvar for at det blir oppretta idrettsråd i kommunane.

## **II. TILLITSVALTE OG TILSETTE**

### **§ 4 Kjønnfordeling**

- (1) Ved val/utnemne av styre, råd, utval/komité mv. og ved representasjon til årsmøte/ting, skal begge kjønn vere representert. Samansettinga skal vere høvesvis i høve til kjønnfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at det ved val/utnemne av meir enn tre personar skal veljast/utnemnast minst to personar frå kvart kjønn. Regelen gjeld òg der det skal veljast meir enn eitt varamedlem. Tilsette sin representant tel ikkje med ved utrekning av kjønnfordelinga.
- (2) Ved val/utnemning til styre, råd, utval/komité mv. i strid med regelen, skal styret innan 1 månad etter årsmøte/tinget sende ut innkalling til ekstraordinært årsmøte/ting der nytt val blir gjort. Eksisterande medlemmar i det aktuelle styret, komiteen mv. blir sittande til nytt styre, komité mv. er valt/peika ut.

- (3) Ved representasjon må den delegasjon som faktisk møter tilfredsstille regelen, om ikkje mister organisasjonsleddet det tal representantar som manglar for å oppfylle regelen.
- (4) Idrettsstyret kan pålegge organisasjonsledd å oppfylle regelen, m.a. med innkalling til nytt årsmøte/ting eller foreta ny utnemning.
- (5) Idrettsstyret kan, når det ligg føre særlege tilfelle, gi dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Søknad om dispensasjon må vere sendt til det organ som avgjer dispensasjonssøknaden innan 14 dagar etter årsmøtet/tinget. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/utnemning av gongen.

## **§ 5 Generelle reglar om stemmerett, kven som kan veljast, forslagsrett mv.**

- (1) For å ha stemmerett og kunne veljast, må ein ha fylt 15 år, vore medlem av eit idrettslag i idrettskretsen i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava jf. NIF si lov § 10-4. Det same gjeld der ein person skal utnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt, jf. § 16.
- (2) Ein person kan ikkje samtidig ha meir enn eitt av følgjande verv i idrettskretsen: medlem av styre, valkomité, kontrollkomité, lovutval, revisor.
- (3) Forslagsrett:
  - a) Styret i idrettskretsen har forslagsrett til og på idrettskretstinget.
  - b) Eit organisasjonsledd med representasjonsrett har forslagsrett til idrettskretstinget, og leddet sin(e) representant(ar) har forslagsrett på idrettskretstinget.
  - c) Komité/utval med møterett, jf. § 13 (2), har forslagsrett til idrettskretstinget i saker som ligg innanfor komiteen/utvalet sitt arbeidsområde, og komiteen/utvalet sin(e) representant(ar) har forslagsrett på idrettskretstinget innanfor komiteen/utvalet sitt arbeidsområde.
- (4) Talerett:
  - a) Revisor har talerett på idrettskretsting i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.
  - b) Representant frå NIF har talerett på idrettskretsting

## **§ 6 Representasjonsrett og vilkår for val av arbeidstakar og oppdragstakar**

- (1) Ein arbeidstakar i eit organisasjonsledd kan ikkje veljast til verv i styre, råd, utval/komite mv. i organisasjonsleddet eller overordna organisasjonsledd. Tillitsvalt som får relevant tilsetjing i organisasjonsleddet, pliktar å gå ut av tillitsvervet ved tiltreding av stillinga, og kan ikkje gå inn att før tilsetjingstilhøvet er avslutta.
- (2) Ein arbeidstakar i eit organisasjonsledd kan ikkje veljast eller utnemnast som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnast representant som er arbeidstakar i det organisasjonsledd representasjonen skjer.
- (3) Regelen blir brukt tilsvarande på person som har oppdragsavtale som kan samanliknast med eit tilsetjingstilhøve.

- (4) Regelen er ikkje til hinder for at organisasjonsleddet gir dei tilsette rett til å peike ut tilsettrepresentant(ar) til organisasjonsleddet sitt styre.
- (5) Ein person som er valt eller utnemnt i strid med regelen, blir ikkje sett på som valt eller utnemnt.
- (6) Idrettsstyret kan, når det ligg føre særlege tilfelle, gi dispensasjon frå regelen. Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/utnemning av gongen.

## **§ 7 Representasjonsrett og vilkår for val for andre personar med tilknytning til idrettskretsen**

- (1) Ein person som har ein avtale med eit organisasjonsledd som gjev vedkomande ei økonomisk interesse i drifta av organisasjonsleddet, kan ikkje veljast til styre, råd, utval/komite innan organisasjonsleddet eller overordna ledd. Det same gjeld styremedlem, tilsett, eller aksjonær med vesentleg innverknad i ein juridisk person som har slik avtale som nemnt i første setning. Avgrensinga gjeld ikkje for styremedlem utnemnt av organisasjonsleddet. Tillitsvalt som får ein slik avtale, styreverv, tilsetjing eller eigardel, pliktar å gå ut av tillitsvervet ved tiltreding av stillinga, og kan ikkje gå inn att før tilsetjingstilhøvet mv. er avslutta.
- (2) Person som etter første ledd ikkje kan veljast, kan heller ikkje veljast eller utnemnast som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller utnemnast representant som har ein tilsvarande tilknytning til det organisasjonsledd representasjonen skjer.
- (3) Ein person som er valt eller utnemnt i strid med regelen blir ikkje sett på som valt eller utnemnt.
- (4) Idrettsstyret kan, når det ligg føre særlege tilfelle, gi dispensasjon frå regelen. Det skal så langt det er mogleg søkast om dispensasjon i forkant. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/utnemning av gongen.

## **§ 8 Inhabilitet**

- (1) Ein tillitsvalt, oppnemnt representant eller tilsett i idrettskretsen er inhabil til å legge til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerda:
  - a) når vedkomande sjølv er part i saka,
  - b) når vedkomande er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken,
  - c) når vedkomande er eller har vore gift med eller er forlova eller sambuar med ein part,
  - d) når vedkomande leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret i eit organisasjonsledd eller annan juridisk person som er part i saka.
- (2) Sameleis er vedkomande inhabil når andre særskilde tilfelle ligg føre som er eigna til å svekke tilliten til om vedkomande er upartisk; mellom anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan gje særleg fordel, tap eller ulempe for vedkomande sjølv eller nokon som vedkomande har nær personleg tilknytning til. Det skal òg leggjast vekt på om inhabilitetsmotsegn er reist av ein part.

- (3) Er ein overordna inhabil, kan avgjerd i saka heller ikkje treffast av direkte underordna i idrettskretsen.
- (4) Inhabilitetsreglane skal ikkje brukast dersom det er innlysande at den tillitsvalte, oppnemnte representanten eller tilsette si tilknytning til saka eller partane ikkje vil kunne påverke vedkomande sitt standpunkt og idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkomande bør vike sete.
- (5) Med part er det her meint person, medrekna juridisk person som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.
- (6) I styre, komitear og utval tek organet sjølv avgjerd, utan at vedkomande medlem deltek. Dersom det i ei og same sak oppstår spørsmål om inhabilitet for fleire medlemmar, kan ingen av dei delta ved avgjerda av sin eigen eller eit anna medlem sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vore vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnte tilfelle skal alle møtande medlemmar delta. Medlemmen skal i god tid seie i frå om tilhøve som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil. Før spørsmålet vert avgjort, bør varamedlem eller annan person som kan tre inn i staden for, kallast inn til å møte og delta ved avgjerda dersom det kan gjerast utan vesentleg bruk av ekstra tid eller kostnad.
- (7) Ved andre høve avgjer vedkomande sjølv om vedkomande er inhabil. Dersom ein part krev det og det kan gjerast utan vesentleg bruk av ekstra tid, eller vedkomande elles finn grunn til det, skal vedkomande sjølv legge fram spørsmålet for sin nærmaste overordna til avgjerd.

## **§ 9 Krav til vedtak, fleirtalskrav og protokoll**

- (1) Når ikkje anna er bestemt, er styre, komitear og utval i idrettskretsen vedtaksføre når eit fleirtal av medlemane er til stades. Vedtak blir fatta med fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved likt stemmetal er møteleiar si stemme avgjerande.
- (2) Vedtak kan fattast ved skriftleg behandling eller ved fjernmøte. Ved skriftleg behandling skal kopiar av dokument i saka sendast samtidig til alle medlemmar med forslag til vedtak. Gyldige vedtak krev at fleirtalet av medlemene gjev sin tilslutnad til det framlagte forslaget, og til at dette blir gjort etter skriftleg saksbehandling. Ved fjernmøte skal alle møtedeltakarane kunne høyre og kommunisere med kvarandre.
- (3) Det skal førast protokoll frå styremøta.

## **§ 10 Refusjon av utgifter. Godtgjersle**

- (1) Tillitsvalt kan ta i mot refusjon for nødvendige, faktiske utgifter som vedkomande får i samband med utføring av vervet.
- (2) Tillitsvalt kan ta i mot ei rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt.
- (3) Godtgjersle til styret og organisasjonssjef/generalsekretær skal kome klart fram av vedteke budsjett og rekneskap.

### **III. ØKONOMI**

#### **§ 11 Rekneskap, revisjon, budsjett mv.**

- (1) Idrettskretsen er rekneskaps- og revisjonspliktig, og skal følgje rekneskapslova og revisorlova. Rekneskapsåret skal følgje kalenderåret.
- (2) Idrettskretsen skal engasjere statsautorisert/registrert revisor og velje ein kontrollkomité. Kontrollkomiteen sine oppgåver følgjer av § 21.
- (3) Bankkonti skal vere knytt til idrettskretsen og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.
- (4) På idrettskretstinget skal det fastsetjast eit budsjett som inneheld alle hovudpostar i resultatrekneskapan, og eit langtidsbudsjett på minst to år. Styret fastset årlege budsjett innanfor ramma av langtidsbudsjettet, og om føremålstenleg blir desse lagt fram på eventuelle leiarmøte eller tilsvarande i perioden mellom tinga. Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det blir dekkja av positiv eigenkapital. Det vedteke budsjettet bør kome fram i eiga kolonne når årsrekneskapan blir lagt fram.
- (5) Årsrekneskap og årsmelding skal fastsetjast seinast seks månader etter rekneskapsåret er avslutta. Årsrekneskap og årsmelding skal underskrivast av samtlige styremedleamar. Dersom idrettskretsen har organisasjonssjef/generalsekretær, skal òg vedkomande signere.
- (6) Idrettskretsen kan ikkje gje lån eller stille garantiar for lån viss ikkje lånet eller garantien er sikra med trygg pant eller annan fullgod sikring. Sikring for lån og garantiar skal opplysast i note til årsoppgjeret. Idrettskretsen kan delta i NIF si konsernkontoordning etter søknad frå idrettskretsen og vedtak frå Idrettsstyret.
- (7) Disposisjonar, medrekna låneopptak, av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til idrettskretsen sin storleik og verksemd, skal vedtakast av idrettskretstinget.

### **IV. TING, STYRE, UTVAL MV.**

#### **§ 12 Idrettskretstinget**

- (1) Idrettskretsen sitt høgste styringsorgan er idrettskretstinget som skal haldast året før og etter Idrettstinget innan utgangen av mai måned. Tingperioden er to år.
- (2) Idrettskretsstyret kallar inn idrettskretsstinget med minst tre månaders varsel, direkte til dei organisasjonsledd som har representasjonsrett. Innkallinga kan vise til at saksdokumenta blir gjort tilgjengeleg på idrettskretsen si internettside eller på anna forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengelege seinast ein måned før tinget. Framlegg som skal handsamast på tinget må vere sendt til styret seinast to månader før tinget. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med framlegg må vere gjort tilgjengeleg seinast ein måned før tinget.
- (3) Ved innkalling i strid med reglane, avgjer tinget høvesvis ved godkjenning av innkalling og

godkjenning av saklista, om tinget er lovleg kalla inn og om det er saker som ikkje kan handsamast.

- (4) Idrettskretstinget er vedtaksført med det tal godkjente representantar som møter.
- (5) På idrettskretstinget kan det ikkje handsamast framlegg om endring i lov og reglar som ikkje er ført opp på den saklista som er gjort tilgjengeleg eller sendt ut. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte med stemmerett vedtar det, ved godkjenning av saklista.

### § 13 Representasjon på idrettskretstinget

- (1) På idrettskretstinget møter med stemmerett:
  - a) Idrettskretsstyret
  - b) 75 representantar frå idrettsråda og 75 frå særiddrettane

Dei 75 representantane frå idrettsråda fordelast etter talet på medlemar ved siste avslutta samordna rapportering, og fordelast slik:

- i) alle idrettsråd med idrettslag i fylket 1 representant
- ii) 5 tilleggsrepresentantar til idrettsråd med 50 000 medlemar eller meir.
- iii) 3 tilleggsrepresentantar til idrettsråd med 10 000 medlemar opptil 49 999.
- iv) 2 tilleggsrepresentantar til idrettsråd med 5 000 medlemar opptil 9 999.
- v) For å oppnå 75 representantar totalt frå idrettsråda, tildelast dei resterande representantane med 1 tilleggsrepresentant til idrettsråd med mindre enn 5 000 medlemar. Det idrettsrådet med høgst tal registrerte medlemar får 1 tilleggsrepresentant først.

Dei 75 representantane frå særiddrettane fordelast etter tal idrettslag/grupper ved siste avslutta samordna rapportering, og fordelast slik:

- i) Alle idrettar (særkretsar/regionar/forbund) med aktivitet i fylket 1 representant.
- ii) 3 tilleggsrepresentantar for idrettar med aktivitet i 250 idrettslag eller meir
- iii) 2 tilleggsrepresentantar for idrettar med aktivitet i 100 idrettslag opptil 249 idrettslag
- iv) 1 tilleggsrepresentant for idrettar med aktivitet i 50 idrettslag opptil 99 idrettslag
- v) For å oppnå 75 representantar totalt frå særiddrettane, tildelast dei resterande representantane med 1 tilleggsrepresentant til idrettar som har aktivitet i mindre enn 50 idrettslag. Den idretten med aktivitet i høgst tal idrettslag får 1 tilleggsrepresentant først.

- (2) Vidare møter utan stemmerett:
  - a) Leiarane i dei faglege utval/komitear, eventuelt nestleiar eller styremedlem dersom leiar er hindra frå å møte.
  - b) Kontrollkomiteen sine medlemar.
  - c) Valkomiteen sine medlemar.
  - d) Revisor.
- (3) Organisasjonssjefen møter med tale- og forslagsrett.
- (4) Representasjon etter første ledd bokstav b) fordelast av idrettskretsstyret. Idrettskretsstinget fastset kor mange som til saman skal kunne møte og vedta reglar for korleis fordelinga skal skje. Fordelinga av representantar blir kunngjort frå idrettskretsen ved innkalling til

idrettskretstinget. Representantar må vere valt på årsmøte eller utnemnt av styret etter fullmakt og meldt idrettskretsen seinast ei veke før tinget.

- (5) Idrettskretsen sitt styre fastset kor stor del av representantane sine reiseutgifter som skal dekkast av idrettskretsen. Reiseutgiftsfordeling kan nyttast.

#### **§ 14 Leing av idrettskretstinget**

Idrettskretstinget leiest av valt dirigent. Dirigent eller valt referent treng ikkje vere valt/utnemnt representant. Det kan veljast fleire dirigentar og referentar.

#### **§ 15 Idrettskretstinget sine oppgåver**

Idrettskretstinget skal:

1. Godkjenne dei frammøtte representantane.
2. Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden.
3. Velje dirigent, referent og to representantar til å skrive under protokollen.
4. Behandle årsmelding og rekneskap for idrettskretsen.
5. Behandle langtidsplan og langtidsbudsjett for idrettskretsen.
6. Behandle framlegg og saker.
7. Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere kretsen sin rekneskap.
8. Behandle retningslinjer for fordeling av dei midlane som er til disposisjon for kretsen.
9. Gjere følgjande val:
  - a) Leiar og nestleiar.
  - b) 5 styremedlemar og 2 varamedlemar.
  - c) Kontrollkomité på 2 medlemar og 2 varamedlemar.
  - d) Representantar til Idrettstinget.
  - e) Valkomité med leiar og 2 medlemar og 1 varamedlem for neste idrettskretsting.

Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemane til styret skal veljast samla. Deretter skal varamedlemane veljast samla. Val skjer etter regelen i § 16.

#### **§ 16 Stemmegjeving på idrettskretstinget**

- (1) Med mindre noko anna er fastlagt i denne lov, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med vanleg fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ingen representant har meir enn ei stemme. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt. Blanke stemmer skal reknast som ikkje avgjevne.
- (2) Val skal vere skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg eller det vert fremja krav om det. Dersom det skal vere skriftlege val, kan berre føreslegne kandidatar førast opp på stemmesetelen. Stemmesetlar som er blanke, eller som inneheld kandidatar som ikkje er føreslegne, eller ikkje har det tal det skal stemmast over, tel ikkje og stemmene skal reknast som ikkje avgjevne.
- (3) Når eit val blir halde enkeltvis og ingen kandidat oppnår meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene, skal det vere omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Står kandidatane likt etter omvalet, vert valet avgjort ved loddtrekking.

- (4) Når fleire skal veljast ved ei avrøysting, må alle ha meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene for å vere valt. Dette gjeld ikkje ved val av vararepresentant. Om ikkje mange nok kandidatar får dette i første omgang, er det berre dei som har fått meir enn halvparten av stemmene som er valde. Det blir så omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga er dei valde som får flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, blir dette avgjort ved loddtrekking.

## **§ 17 Ekstraordinært idrettskretsting**

- (1) Ekstraordinært idrettskretsting blir kalla inn av idrettskretstyret med minst ein månads varsel etter:
- Vedtak av idrettskretstinget.
  - Vedtak av idrettskretsstyret.
  - Vedtak av Idrettstinget eller Idrettsstyret.
  - Skriftleg krav frå dei organisasjonsledd som på siste idrettskretsting representerte 1/4 av representantane med stemmerett.
- (2) Ekstraordinært ting blir kalla inn direkte til dei som har representasjonsrett.
- (3) Saklista og andre nødvendige dokument skal følgje vedlagt innkallinga eller vere gjort tilgjengeleg på idrettskretsen si internettside eller anna forsvarleg måte. I sistnemnte tilfelle skal det gå fram av innkallinga at saksdokumenta er gjort tilgjengeleg på anna måte, og dokumenta skal vere gjort tilgjengelege på innkallingstidspunktet.
- (4) Eit ekstraordinært idrettskretsting er vedtaksført med det tal godkjende representantar som møter.
- (5) Eit ekstraordinært idrettskretsting skal berre handsame dei saker som er gjort kjent i vedtaket eller i kravet om innkalling av det ekstraordinære idrettskretstinget.
- (6) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer det ekstraordinære tinget høvesvis under godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om det ekstraordinære tinget er lovleg kalla inn og om det er saker som ikkje kan bli behandla.

## **§ 18 Møte/fellesmøte**

Idrettskretsen held møte med organisasjonsledda etter behov, og tek sjølv avgjerd om arrangementsforma.

## **§ 19 Idrettskretsen sitt styre**

- (1) Idrettskretsen leiast og forpliktast av styret som er kretsen sitt høgste styringsorgan mellom tinga.
- (2) Styret består av:
- leiar og nestleiar



- 5 styremedlemar
- 1 tilsettrepresentant som veljast blant idrettskretsen sine tilsette. Representanten har personleg varamedlem

(3) Styret skal:

- a) setje i verk idrettskretstinget sitt og NIF sine vedtak og reglar,
- b) vedta budsjett og fordele dei midlane som er til disposisjon,
- c) sjå til at idrettskretsen sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på idrettskretstinget eller av overordna organisasjonsledd. Styret skal vidare sjå til at idrettskretsen har ei tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen og har ei forsvarleg økonomistyring,
- d) arbeide med saker som er nemnt i § 3
- e) utnemne utval/råd etter behov og utarbeide mandat/instruks for desse,
- f) ta opp nye lag i NIF og godkjenne laget sitt namn, jf. NIF si lov § 10-1.

(4) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller minst to av styremedlemane krev det.

## § 20 Organisasjonssjefen

- (1) Organisasjonssjefen er leiar for sekretariatet. Organisasjonssjefen er ansvarleg for alle administrative funksjonar innan idrettskretsen og utfører dei pålegg og set i verk dei vedtak som er gjort av idrettskretsstyret.
- (2) Organisasjonssjefen har tale- og forslagsrett på idrettskretstinget, leiarmøtet, i idrettskretsstyret og arbeidsutval, og i alle komitear og utval.

## § 21 Faste komitear

- (1) Kontrollkomité
  - a) Kontrollkomiteen skal føre tilsyn med idrettskretsen sin økonomi. Kontrollkomiteen skal sjå til at idrettskretsen sine midlar er brukt i samsvar til lover, vedtak, løyvingar og økonomiske rammer, og at dei økonomiske disposisjonane er i samsvar med idrettskretsen si lov og vedtak fatta av idrettskretstinget. Kontrollkomiteen skal vidare forsikre seg om at idrettskretsen sin interne økonomiske kontroll er føremålstenleg og forsvarleg.
  - b) Kontrollkomiteen skal sjå til at idrettskretsen si rekneskapsføring er påliteleg og at årsrekneskap og delårsrapportar gir eit korrekt uttrykk for idrettskretsen si drift og finansielle stilling. Kontrollkomiteen skal ved gjennomgang av rekneskapane vurdere idrettskretsen si finansielle stilling, forvaltning og drift.
  - c) Kontrollkomiteen skal ha tilgang til samtlige rekneskap og dei ulike styre- og utvalsprotokollane og skal gjere seg kjent med dei avgjevne rapportane frå den engasjerte revisoren. Kontrollkomiteen kan byggje på det arbeid som den engasjerte revisoren har utført der revisoren finn det føremålstenleg.
  - d) Kontrollkomiteen skal føre protokoll over sine forhandlingar og gje meldingar til idretts-

kretstinget om si gjennomgåing av årsrekneskapen/årsrekneskapane og andre tilhøve i idrettskretsen, m.a. med budsjett og budsjettoppfølging, forvaltning generelt og styret sitt arbeid/melding.

- e) Kontrollkomiteen skal gje ei melding til den enkelte årsrekneskapen. Dessutan skal kontrollkomiteen løpande ta opp forhold komiteen finn nødvendig og rapportere gjennom nummererte rapportar til idrettskretsen sitt styre og revisor.
- f) Kontrollkomiteen kan be engasjert revisor utføre spesielle revisjonshandlingar som komiteen ønskjer utført, dersom kontrollkomiteen finn det nødvendig. Slike arbeidsoppgåver kan ikkje vere i strid med gjeldande revisorlovgjevnad. Særskilt instruks må i slike tilfelle utarbeidast av kontrollkomiteen. Styret må informerast om eventuelle økonomiske konsekvensar av ekstra arbeidsoppgåver for revisor.

## (2) Valkomit 

Valkomiteen blir valt p  idrettskretstinget p  fritt grunnlag, etter innstilling fr  styret, og skal leggje fram innstilling p  kandidatar til alle andre tillitsverv som skal veljast p  tinget. Medlem av valkomit  som sj lv blir kandidat til verv, pliktar   tre ut av valkomiteen.

## V. ANDRE REGLAR

###   22 Alminnelege disiplin ertiltak og straffesaker

For alminnelege disiplin ertiltak og straffesaker gjeld NIF si lov   11-1 og   11-3 flg.

###   23 Lovendring

- (1) Lovendring kan berre vedtakast av ordin ert eller ekstraordin ert idrettskretsting etter   ha vore oppf rt p  saklista, og krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne stemmene.
- (2) Lovendringar som f lgje av endringar i NIF si lov, trer i kraft straks. Lovendringar vedtatt av idrettskretsen sj lv trer ikkje i kraft f r dei er godkjent av Idrettsstyret eller den Idrettsstyret gjev fullmakt. Godkjenninga er avgrensa til dei reglar som NIF si lov omfattar.
- (3) I samband med godkjenninga kan Idrettsstyret eller den Idrettsstyret gjev fullmakt p legge nødvendig endring for   unng  motstrid med NIF sitt regelverk.
- (4) Endringar i  23 og  24 kan ikkje vedtakast av idrettskretsen sj lv med mindre endringane f lgjer av NIF sitt regelverk eller lovnorm.

###   24 Oppl ysing

Idrettskretsen kan berre oppl ysast av NIF. Ved oppl ysing eller anna opph yr av idrettskretsen g r idrettskretsen sine overskytande midlar etter avvikling til eit form l godkjent av Idrettsstyret eller den Idrettsstyret gir fullmakt.

Nils R. Sandal innleier om lov for Vestland idrettskrets.

Knut Songve informerer om interimstyret sitt forslag om fordeling av tingdelegatar.

Nils R. Sandal informerer om interimstyret sitt forslag til talet på medlemmar i styret.

Knut Songve presiserer at setning om at eit styremedlem skal vere 26 år eller yngre ved valet skal inn i teksten.

Følgande hadde ordet:

12 Geir Arne Havreberg, Etne idrettsråd

### **Lov for Vestland idrettskrets blei einstemmig vedtatt**

## **11. BEHANDLE FORSLAG OM RAMMEBUDSJETT FOR 2020**

### **Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Vedlagt rammebudsjett for 2020 blir vedtatt.

Endeleg budsjett blir vedtatt på det første ordinære kretstinget i 2020.

Knut Songve innleier om saka

Følgande hadde ordet:

1 Helge Johnsen

4 Ole Hope

### **Interimstyret sitt forslag blei einstemmig vedtatt**

## **12. BEHANDLE FORSLAG OM AT STYRET I VESTLAND IDRETTSKRETS PÅ FØRSTE ORDINÆRE TING LEGG FRAM REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2019 FOR SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS OG HORDALAND IDRETTSKRETS**

### **Interimstyret sitt forslag til vedtak:**

Styret i Vestland idrettskrets legg fram rekneskap og årsmelding for 2019 for Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland idrettskrets til behandling på det første ordinære kretstinget i 2020.

- Nils R. Sandal innleier om saka

### **Interimstyret sitt forslag blei einstemmig vedtatt**

## 13. ENGASJERE STATS AUTORISERT/REGISTRERT REVISOR TIL Å REVIDERE KRETSEN SIN REKNESKAP

### Interimstyret sitt forslag til vedtak:

Advisor Revisjon AS ved statsautorisert revisor Ann-Mari M. Juvik blir tilsett som revisor for Vestland idrettskrets for 2020 og 2021. Idrettskretstinget gir kretsstyret fullmakt til å fastsette revisor sitt honorar.

### Interimstyret sitt forslag blei einstemmig vedtatt

## 14. VAL

Val av styre i samsvar med vedtatt lov

Funksjonsperiode 01.01.2020 til ordinært idrettskretsting våren 2022.

Valkomiteen har vore samansett av følgende personar:

Leiar	Tore-Christian Gjelsvik	Askøy Fotballklubb
Medlem	Arvid Gimmestad	Gloppen Handballklubb
	Sonja Velure	IL Solnut
	Siv Øye Carlsen	Sotra Sportsklubb
	Linda Hovland	Dale IL (Fjaler kommune)
	Magne Knudsen	Årdalstangen IL
Varamedlem 1	Jorunn Åsfrid Røyrvik	Vik IL
Varamedlem 2	Lars Riis Ellingsen	Tertnes Håndball

### Innstilling til styre i Vestland IK 2020 – 2022

Leiar	Ole Hope	IL Gneist
Nestleiar	Anne-Grethe Naustdal	Tambarskjelvar IL
Styremedlem	Jarl Svanberg	Kjøkkelvik IL
	Aina M. Steinsland	Nordre Holsnøy IL
	Oddny Grete Njøten	Stryn Turn og IL
	Lilly Schøyen	Sogndal IL
	Robert André Teikari	Sveio Karateklubb
Varamedlem 1	Trond Olav Magnussen	Stanghelle IL
Varamedlem 2	Tone Stavland	Bremnes IL

Tore-Christian A. Gjelsvik, leiar av valkomiteén, informerer om valkomiteén sitt arbeid.

Valkomiteen har gjort ei grundig vurdering av sitjande styre og andre kandidatar som er spelt inn eller som valkomiteen sjølv har valt å kontakte. Ut frå tilbakemeldingar og vurderingar av begge styra har valkomiteen innstilt 5 tidlegare styremedlemar og 4 nye inkludert varamedlemene.

Valkomiteen innstiller Ole Hope som leiar i Vestland IK for perioden 2020 - 2022 (3-3, leiar si stemme blei avgjerande for innstillinga). Det var dissens om innstilling på leiar og «mindretalet» ønskte Nils R. Sandal som leiar.

Innstillinga på dei andre styremedlemene er av valkomiteen einstemmig.

Valkomiteen har sett det som viktig med kompetanse på fleire område og at styret skal ivareta idrettsfagleg utvikling og legge til rette for at klubbane har føreseielege rammer for sin aktivitet i tråd med NIF-lov. Valkomiteen har også tatt omsyn til geografi, alder og idrettsbakgrunn.

Komiteen har brukt følgande føringar i samband med sitt arbeid:

- Erfaring med arbeid innan NIF-organisasjonen
- Organisasjonsutvikling
- Relasjonsleiing
- Erfaring med idrettspolitisk og/eller næringspolitisk arbeid
- Ha representasjon frå både store og små idrettslag
- Utviklingskompetanse
- Løysingsorientert

Følgande hadde ordet til valkomiteen sitt arbeid:

40 Rune Teikari, Sveio idrettsråd

Dirigent informerer om framgangsmåten på valet.

## **Val av leiar**

Følgande hadde ordet:

107 Robert Endestad, Norges Fotballforbund Sogn og Fjordane

59 Harald Thomsen, Hordaland Seilkrets

14 Eli Berland, Fjell idrettsråd

145 Cecilie Thaule Løvlid, Sogndal idrettsråd

149 Gunnar Harstad, Stryn idrettsråd

121 Jan Magne Herstad, Sogn og Fjordane Orienteringskrins

106 Ola Bergheim, Nord-Vestlandet Vektløftarregion

14 Eli Berland, Fjell idrettsråd

126 Klemet Bø, Sogn og Fjordane Skiskyttarkrins

12 Geir Arne Havreberg, Etne idrettsråd

27 Roger Vassnes, Kvam idrettsråd

106 Ola Bergheim, Nord-Vestlandet Vektløftarregion

59 Harald Thomsen, Hordaland Seilkrets

26 Olav Skjervheim, Idrettsrådet i Bergen

149 Gunnar Harstad, Stryn idrettsråd

122 Finn Årdal, Sogn og Fjordane Skikrins

Nils R. Sandal held appell

Ole Hope held appell

### **Talet på stemmer:**

Ole Hope: 49

Nils R. Sandal: 78

**Nils R. Sandal blei valt som leiar**

## **Val av nestleiar**

Følgande hadde ordet:

69 Gina Blomberg, Norges Fotballforbund Hordaland foreslår Ania Merete Steinsland

40 Rune Teikari, Sveio idrettsråd foreslår Gunn H. Knudsen

5 Aina Merete Steinsland, hun trekker sitt kandidatur

### **Talet på stemmer:**

Anne-Grethe Naustdal: 64

Gunn H. Knudsen: 61

### **Anne-Grethe Naustdal blei valt som nestleiar**

## **Val av styremedlemar**

19 Terje Valen, Idrettsrådet i Bergen foreslår Gunn H. Knudsen som styremedlem.

### **Talet på stemmer:**

Jarl Svanberg: 115

Aina Merete Steinsland: 110

Oddny Grete Njøten: 104

Lilly Schøyen: 77

Robert André Teikari: 124

Gunn H. Knudsen: 75

### **Desse blei valt som styremedlemar:**

Robert André Teikari, Jarl Svanberg, Aina Merete Steinsland, Oddny Grete Njøten og Lilly Schøyen

## **Val av varamedlemar**

1. varamedlem Trond Olav Magnussen
2. varamedlem Tone Stavland

### **Varamedlemene blei einstemmig valt**

## **Val av kontrollkomité**

Funksjonsperiode 01.01.2020 til ordinært idrettskretsting våren 2022.

Medlemar

- Terje Gjertsen
- Marit Pedersen

### **Kontrollkomiteen blei einstemmig valt**

## Val av varamedlemar

- Svein Brunvatne
- Bjørg Eikum Tang

Varamedlemmane blei einstemmig valt

## Val av representantar til Idrettstinget

Interimstyret sitt forslag til vedtak:

Styret får fullmakt til å peike ut delegatar til Idrettsting i perioden 2020 - 2022.

Interimstyret sitt forslag blei einstemmig vedtatt

## Val av valkomité

Interimstyret sitt forslag til vedtak:

Styret i Vestland idrettskrets legg fram forslag til valkomité på det første ordinære idrettskretstinget i Vestland idrettskrets våren 2020.

Interimstyret sitt forslag blei einstemmig vedtatt

Den nye styreleiaren for Vestland idrettskrets Nils R. Sandal takka for tilliten.

Beigen 02.03.20

Stad og dato

Harald Thomsen  
Harald Thomsen

Floro 4.3.20

Stad og dato

Trine Havn  
Trine Havn